

ÅRSMELDING 2017



Regionrådet for
HALLINGDAL

Innhold

1.	VEDTEKTER	3
2.	FORMÅL	3
3.	ORGANISERING	3
4.	MØTER/SAKER.....	3
5.	EINSKILDE SAKER.....	3
5.1	Strategisk plan for Hallingdal	3
5.2	Livskvalitet.....	4
5.3	Hallingdal 2020	5
5.3.1	Generelt	5
5.3.2	Merkevareplattform for Hallingdal	6
5.3.3	Rekruttering til Hallingdal	7
5.3.4	Hallingdalskonferansen.....	8
5.3.5	Kva skjer	8
5.3.6	Hallingambassadørar	9
5.3.7	Hallingdal ungdomsråd (HUR).....	9
5.3.8	Hallingdal Fotballklubb	10
5.4	Hyttemessa	11
5.5	Hallingtreff	11
5.6	Samferdsel	11
5.7	Reiselivet.....	13
5.8	Partnarskapsavtale med Buskerud fylkeskommune.....	15
5.9	Regionalt næringsfond	15
5.10	Skjønnmidlar til omstillingstiltak.....	15
5.11	Fjellnettverket.....	15
5.12	Breiband Hallingdal	16
5.13	Hallinghelse	16
5.14	Nye Hallingdal sjukestugu	17
5.15	Vassområde Hallingdal.....	17
5.16	Utviklingsprogram for Byregionar, fase 2	18
5.17	Felles rettssenter for Hallingdal	19
5.18	Skattekontoret på Gol	20
5.19	Nærpolitireforma	21
5.20	Viken, regionreforma	22
5.21	Hallingbussen	23
5.22	Regional plan for idrettsanlegg	23
5.23	Krokeide	23
6.	UTTALER	24
7.	VERV	24
8.	PERSONELL	25
9.	ØKONOMI	25
10.	MOGELEGHEITER OG UTFORDRINGAR	25

1. VEDTEKTER

Vedtekten til Regionrådet for Hallingdal vart revidert i 2012, med handsaming på Hallingtinget 26.10.2012.

2. FORMÅL

Regionrådet for Hallingdal skal vere eit samarbeids- og interesseorgan for kommunane i Hallingdal. Rådet skal arbeide for utvikling av regionen med særleg vekt på nokre prioriterte satsingsområde.

Rådet skal også vareta interessene til regionen overfor fylke, stat og andre organ på region-, fylkes- og riksplan.

3. ORGANISERING

Hallingtinget er det øvste formelle organet i Regionrådet, med 5 representantar frå kvar kommune, der den eine er ordføraren. Dei andre representantane er leiar/nestleiar av hovudutval/sektorutval og/eller medlemmer av formannskapet.

Ordførarane utgjer Regionrådet for Hallingdal.

Administrasjonssjefane i kommunane har møterett på Hallingtinget og blir kalla inn til møta med tale- og forslagsrett.

Hausten 2015 vart det valt nye representantar til Hallingtinget, for perioden 2015 – 2019.

Desse har utgjer Hallingtinget for perioden 2015 – 2019

Hol	Ål	Gol	Hemsedal	Nes	Flå
Petter Rukke ordførar	Solveig Vestenfor ordførar	Heidi Granli ordførar	Oddvar Grøthe ordførar	Tore Haraldset ordførar	Tor Egil Buøen ordførar
Sigrid Simensen Ilsøy	Dagfinn Bøygard	Halvor Lilleslett Frå 1.4.2016 Helge Feet	Kjell Erik Skølt	Gerd Jorde	Kristin Gullingsrud
Matias Eide Sataøen	Torleif Dalseide	Svein Eide Frå des. 2016 Leif Norhaug	Olav Støyten	Astrid Brattested	Karsten Ekeren
Petter Braaten	Torhild Helling Bergaplass	Herbrand Jegleim	Maria Jartman	Wenche Marie S. Ulsaker	Merete Gandrud
Nina Dalen	Ole Egil Trintrud	Roger Toppen	Petter Owesen	Knut Jakob Larsen	Sigrid Ingeborg Gislerud

Oddvar Grøthe er rådsordførar for perioden og Solveig Vestenfor er varaordførar

4. MØTER/SAKER

I 2017 var det 2 møte i Hallingtinget og 12 saker vart handsama.

Regionrådet hadde 8 møter og handsama 57 saker.

5. EINSKILDE SAKER

Av større enkeltsaker som Regionrådet har arbeida med i 2017:

5.1 Strategisk plan for Hallingdal

I 2016 starta arbeidet med Strategisk plan for Hallingdal 2017 – 2020. Som ein start gjennomførte Hallingtinget drøftingar og gruppearbeid på arbeids/studietur 30.5-31.5.2016. Med bakgrunn i Hallingtinget sine drøftingar har regionrådet og rådmannsutvalet arbeid vidare med forslag til ny plan.

I sak 04/17, 28.april 2017, vedtok Hallingtinget Strategisk plan for Hallingdal 2017 – 2020 med innsatsområder. I sak 12/17, 30-31.okt. 2017, arbeidde Hallingtinget med handlingsprogram for 2018 og det vart gjort slikt vedtak:

Med bakgrunn i drøftingar i Hallingtinget 30 - 31.10.2017 får Regionrådet for Hallingdal fullmakt til å vedta handlingsprogram 2018, til Strategisk plan for Hallingdal 31.10.2017

I sak 49/17, 15.des. 2017 hadde Regionrådet ei grundig drøfting av handlingsprogram med forslag til tiltak og prioriteringar. Det vart gjort slikt vedtak:

Regionrådet for Hallingdal vedtek endeleg handlingsprogram Strategisk plan for Hallingdal i møte 26.1.2018. Prioritering av tiltak skal vera ut frå drøfting i møte 15.12.2017.

Handlingsprogram skal kategoriserast slik at det som er regionrådet og rådmannsutvalet sitt ansvar er ei del og det som er forslag som andre har eit eventuelt ansvar for er ein del.



Figur 1 Model Strategisk plan for Hallingdal

5.2 Livskvalitet

Som hovudmål i Strategisk plan for Hallingdal 2017 – 2020 er det sagt:
Hallingdal skal bli ein meir attraktiv, positiv og produktiv region, der alle har mogelegheit til å leva eit godt liv, som innbyggjar og besökande.

Vekst handlar grunnleggjande om eit ynskje om å skapa betre liv for innbyggjarane. Ut frå ei slik tilnærming skal det leggjast vekt på livskvalitet (eit godt liv), som ein del av fundamentet i Strategisk plan for Hallingdal. Våre verdiar; leiken, ekta, fri og frisk kan uttrykkje dette.

Livskvalitet handlar om det som gir livet verdi og mening. For nokre er det mest mogeleg fridom, for andre glede, eller utvikling av evner og interesser. Fordi livskvalitetsomgrepet reiser spørsmålet om kva som er verdifullt i seg sjølv, råkar det politikkens kjerne: å legge til rette for at samfunnsborgarane kan leva gode liv. I fleire land er dette eit dagsaktuelt tema, der Norge ikkje har vore i fremste rekke, men det er no sett i gang eit arbeid for å få betre informasjon om korleis menneske i Norge har det - med hovudvekt på innbyggjarane sine eigne vurderingar og opplevelingar.

Innbyggjarane sin livskvalitet er ein av våre viktigaste ressursar, som i Strategisk plan for Hallingdal kan seiast å ha tre dimensjonar:


- Grunnlaget for eit godt liv
- Ein vekstskapar
- Omdøme - rekruttering og besökande

I handlingsprogrammet til strategisk plan er eit tiltak «Leva i Hallingdal», som gjennom ei interkommunal satsing skal synliggjera kva gevinstar som kan oppnåast for regionen ved å

vektlegge trivsel og livskvalitet for innbyggjarar og besøkande. Det skal i samarbeid med nasjonale institusjonar gjennomførast ei befolkningsundersøking og lagast ein plan for regelmessig monitorering av trivsel og livskvalitet i Hallingdal.

Gjennom dette arbeidet skal Hallingdal styrke sitt omdømme, som ein region som set folk først (fyrste i Norge med bevisst haldning og plan til livskvalitet).

Regionrådet for Hallingdal er i samtaler med m.a. Helsedirektoratet og Folkehelseinstituttet for å vurdere Hallingdal som ein pilot i nasjonal samanheng.



I samband med Hallingtinget 30.10.2017 var det eit seminar om livskvalitet.

Arrangør var Hallingdal Ungdomsråd, Folkehelsegruppa i Hallingdal og Regionrådet for Hallingdal. Hovudpunkt frå UngData undersøkinga vart lagt fram av Hallingdal Ungdomsråd, før foredrag ved Arne Holte, professor i helsepsykologi. [Lenke til foredrag Arne Holte](#)



5.3 Hallingdal 2020

5.3.1 Generelt

I mange samanhengar og i mange fora blir det drøfta og etterlyst felles strategiar og felles handlingar, for at Hallingdal skal møte framtida på best mogeleg måte. Dette er og tema som er sentrale i Strategisk plan for Hallingdal, og som Regionrådet for Hallingdal har høgt på dagsorden direkte og indirekte. Eit viktig tema har vore avklaringar og ynskje om ei sterkare og tydelegare profilering av Hallingdal som region. Dette blir sett på som grunnleggjande for det arbeidet Hallingdal sjølv må gjera, for utvikling av eigen region.

Strategisk plan for Hallingdal har m.a. som mål at kommunane i Hallingdal skal gjera kvarandre gode, med tiltak som m.a. går på vidareutvikle profilering/identitetsbygging.

Bakgrunnen for dette er m.a.:

- Felles bu- og arbeidsmarknadsregion

- Felles kultur/identitet
- Felles utfordringar
- Felles bodskap
- Felles plan (Strategisk plan for Hallingdal)
- Meir slagkraftig
- Ynskje om å vera tydelegare
- Ynskje om å byggje eit godt omdøme

Ut frå dette tok Regionrådet for Hallingdal initiativ til ei større samla satsing med tittelen "Hallingdal 2020". Regionrådet sökte om nasjonale bulystmidlar, og fekk full utteling med eit tilskot på. 3.050.000.

Hallingdal er ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion, der det m.a. gjennom prosjektet Hallingdal 2020 er eit mål å tydeleggjera og styrke Hallingdal sin posisjon, også som hovudferdselsåre og møteplass mellom Austlandet og Vestlandet. Hallingdal er også Norges største reiselivsregion. Dette gjer at me må legge til rette for både eigen arbeidskraft, arbeidsplasser og dei som besøker oss. Hallingdal 2020 handlar mykje om å skapa ein regionkultur. Denne kulturen skal hjelpe oss til å jobbe spissa mot definerte målgrupper for å klare å tiltrekke oss unge menneske som vil bu og arbeide i regionen.

Hovudretningar i prosjektet:

- Hallingdal tek ein posisjon – møteplassen mellom aust og vest
- Målgrupper i forhold til rekruttering:
 - Ung Halling 15-25 år
 - HytteHallingen
 - Kvinne 28 år
- Verdiar – leiken, ekta, fri og frisk

5.3.2 Merkevarerplattform for Hallingdal

Merkevarerplattforma vart lansert 18.desember 2013. Etter det har det vore arbeidd aktiv for at merkevarerplattforma skal nyttast av flest mogeleg, med eit planmesseig forankringsarbeid. Det at Hallingdal har fått ein felles logo betyr ikkje at den automatisk blir brukt.

Etter fire år med fokus på ny logo og heile merkevarerplattforma kan me seia at me har lykkast. Logoen er i dag eit naturleg element både for Regionrådet og kommunane, men også i næringslivet og i ulike organisasjonar. Samstundes er det viktig å understreke at eit slike merkevarearbeid av ein heil region (place branding) ikkje er ein happening, men arbeid over tid. Dette er eit kontinuerleg arbeid som vil halde fram som ei prioritert oppgåve.

Sjølve profilen er eit avtrykk til Hallingdal. Detta er våre fjell og våre fargar. Fargane speglar dei 4 årstidene, målarkunsten, bunadstradisjonar, handtverk og den friske og leikne hallingen. Logoen utfordrar deg til å utforske og oppdage nye ting – akkurat som i Hallingdal. Innimellan fjella kan du sjå ein H. H'en står for Hallingdal og den symbolisera og vise at Hallingdal er møteplassen mellom aust og vest.

Målsettinga for satsinga er m.a.:

- Styrke vår felles identitet gjennom ein tydeleg profil.
- Samordne merkevarerbygging av regionen slik at Hallingdal blir så attraktiv og tydeleg som mogeleg i sin kommunikasjon.



HALLINGDAL

- Styrke regionen som bu- og arbeidsmarknad, samtidig gi reiselivet og næringslivet i Hallingdal ein felles profil.
- Merkevareplattforma skal vera til bruk både for reiselivet, små og store næringsinteresser, lag og foreiningar og offentlege verksemder i heile regionen.
- Oppnå ein vekselverknad mellom Hallingen sin identitet og kvalitet på produkt og tenester, frå og i Hallingdal. Dette vil i sin tur styrke merkevara og gjera den truverdig, i tillegg styrke heile regionen sitt omdømme.

Det er utvikla destinasjonsvariantar saman med Ål Utvikling AS, Nesbyen Turist og Næringsservice og Gol Reisemål.

Bakgrunnen er at destinasjonar i Hallingdal kan marknadsføre seg individuelt, samtidig som dei kan knytast opp mot Hallingdal og få ein meirverdi. Destinasjonsvariantane er laga med utgangspunkt i Hallingdal sin profil og fargepalett.



5.3.3 Rekruttering til Hallingdal

Det blir arbeidd aktivt i forhold til å sikre stabil arbeidskraft. Det er av og til vanskar med å rekruttere arbeidskraft med fagutdanning og utdanning på høgare nivå. Ofte er det i slike samanhengar ikkje ein men to personar som treng arbeid, noko som sjølv sagt er ei større utfordring i ein avgrensa arbeidsmarknad. Å sjå på Hallingdal som ein felles bu- og arbeidsmarkande er heilt avgjerande, for å sikre dei offentlege tenestene og utviklinga av næringslivet.

For å møte desse utfordringane blir det arbeidd med løysingar på tvers av kommunegrensene og styrking av samarbeidet både i privat og offentleg sektor. I denne samanheng er satsing på ungdom ein av dei viktigaste strategiane. Partnarskapsavtale med Buskerud fylkeskommune legg vekt på desse forholda.

Regionrådet har rekruttering til Hallingdal som et prioritert arbeidsområde. I denne samanheng er det fleire tiltak/prosjekt som støttar opp om ei slik satsing, som:

- Ungt Entreprenørskap
- Yrkesmessa
- Hallingdal 2020
- Hallingtreff
- Hallingdal Ungdomsråd
- Byregionprogrammet

Jobb i Hallingdal

Etter to års drift har Facebook sida «Jobb i Hallingdal» ca. 2150 relevante følgjarar. Sida er godt etablert og er mykje brukt både av lokalt næringsliv og arbeidssøkande i og til regionen vår. Sida er eigd og blir drifta av Regionrådet for Hallingdal, gjennom Hallingdal 2020.

Målet med sida er å gjera det enkelt for alle som leitar etter jobb i Hallingdal, å få oversikt over kva som finns av ledige stillingar. På sida blir det samla ledige stillingar frå Finn, NAV, kommunale nettsider og andre relevante stader, slik at dei som er på jakt etter jobb i Hallingdal, skal finne fram på ein enkel måte.

Sida formidlar også CV og ei helsing frå dei som er på jakt etter arbeid. Sida er godt kjent i Hallingdal og ein naturlig kanal for ledige stillingar.



5.3.4 Hallingdalskonferansen

I oktober 2017 vart Hallingdalskonferansen arrangert for 5. gong. HallingExpo er initiativtakar og Regionrådet for Hallingdal er medspelar og ser at konferansen støtter opp om satsingane i Strategisk plan for Hallingdal. Målet med konferansen er å skapa ein møteplass der næringslivet i Hallingdal og det offentlege samlast, for å drøfte dagsaktuelle tema, og å få påfyll.

Trendforsker Ståle Økland heldt eit engasjerande og tankevekkjande foredrag, «Framtidas distriktsregion».



5.3.5 Kva skjer

Hallingdal sin felles aktivitetskalender vart lansert hausten 2014. Før dette hadde Hallingdal ikkje hatt noko felles verktøy som synleggjorde kva som skjer i regionen vår. Regionrådet tok initiativ til å etablere aktivitetskalender på nett, for heile Hallingdal. Her er det oversikt over alle aktivitetar i heile regionen og det kan registrerast eigne aktivitetar. Målet er enklare oversikt over det som skjer i Hallingdal, betre marknadsføring, høgare besøkstal og betre styring på arrangement i regionen. Gjennom 2017 har det vore arbeid aktivt for å gjera kalenderen meir attraktiv og synleg.



5.3.6 Hallingambassadørar



I desember vart andre pulje Hallingambassadørar lansert. 12 ungdommar som har ei avtale på 2 år. Hallingambassadørar er ungdom frå Hallingdal, som utmerkar seg og skapar positiv merksemd om Hallingdal i og utanfor regionen. Det er ikkje nok med ein flott prestasjon, det må også koma tydeleg fram at regionseljaren er stolt over eigen stad.

Hallingambassadøren skal og vera gode førebilete for andre ungdommar. I tillegg er utnemning til Hallingambassadør ei påskjønning.

Hallingdal treng ungdom, Hallingdal treng arbeidskraft, Hallingdal er avhengig av folk som vil besøke oss. Alle i Hallingdal vil kunne vera «seljarar» av regionen, men me treng større bevisstheit og motivasjon for at me faktisk er ambassadørar av eigen stad.

5.3.7 Hallingdal ungdomsråd (HUR)

I 2009 drøfta og støtta Hallingtinget opprettning av eit regionalt ungdomsråd med bakgrunn i ynskje frå dei kommunale ungdomsråda. I sak 44/09 gjorde Regionrådet vedtak om å støtte opprettinga av Hallingdal Ungdomsråd (HUR). Regionrådet rådde og til at rådet sitt årlege budsjett blir styrka med eit årleg beløp til drift av HUR, noko som no er ein del av budsjettet til Regionrådet. HUR har synt seg som eit svært aktivt råd og det blir helde årleg møte med Regionrådet. I tillegg er HUR eit viktig organ for Hallingdal 2020, i arbeidet med



rekruttering og profilering. Frå 2014 vart det gjort ei endring slik at prosjektleiar for Hallingdal 2020 også er sekretær for HUR.

I 2017 hadde HUR 4 møter.

Då Fjellnettverket hadde si samling på Beitostølen i november stilte Hallingdal som einaste region med 2 ungdommar. Under denne samlinga kom ideen om ei egen konferanse for Fjellungdom opp som forslag, frå Hallingdal sine ungdommar. HUR tok ballen og inviterte til den fyrste samling for Fjellungdom i januar 2017.

Dette vart ei svært vellykka samling med 30 ungdommar frå 20 kommunar i 4 ulike fylker (Telemark, Buskerud, Oppland og Hedmark). Fjellnettverket jobbar med å få Fjellungdom fast inn i sitt budsjett og ynskjer Fjellungdomane velkommen som eit fast rådgjevande organ. Konferansen for Fjellungdom er planlagt arrangert anna kvart år og HUR har sagt seg villig til å ta ansvar for neste arrangement.

Våren 2017 vart HUR spurt om å delta på ei konferanse for ungdom i Setesdal. Regionen jobbar for å få på plass eit regionalt ungdomsråd og tok kontakt med HUR for å få meir kunnskap og høyre om erfaringar. Setesdal har no etablert eit regionalt ungdomsråd og takker HUR for godt bidrag.



5.3.8 Hallingdal Fotballklubb

For 2017 har det vore eigen samarbeidsavtale (sponsoravtale) mellom Hallingdal Fotballklubb (HFK) og Hallingdal representert ved Hallingdal Kraftnett og Regionrådet for Hallingdal. Avtala blir vidareført i 2018.



5.4 Hyttemessa

Kvart år blir det arrangert ei stor hyttemesse på Exporama Senteret på Hellerudsletta, utanfor Oslo. Hallingdal har i alle år vore godt representert, men ikkje stått samla. I framkant av messa våren 2015 tok Regionrådet ved Hallingdal 2020 initiativ til at Hallingdal skulle stå samla, etter førespurnad frå næringa. Hallingdal vart med dette ein av dei verkeleg store aktørane under messedagane og fekk stor merksemd. Våren 2017 var vi også samla og denne gongen endå sterkare og meir synleg. Hallingdal har her skapt seg eit viktig ansikt utover og møter eit viktig publikum, hyttehallingen. Frå næringa har det vore eit sterkt ønskje at tiltaket blir vidareført og utvida i 2018.



5.5 Hallingtreff

Regionrådet arrangerer jamleg Hallingtreff i Oslo og Bergen. Her blir utflytta Hallingar og andre som er nysgjerrige på regionen vår invitert. Vi ønskjer å møte dei som er potensielle tilflyttarar. Målet er å gjera terskelen for å flytte lågare, og hjelpe dei som har eit ønskje om å etablere seg i Hallingdal. I april reiste ein delegasjon til Oslo og arrangerte Hallingtreff. Også i år var det eit populært og godt treff. Dei som møtte var oppriktig interessert i Hallingdal og vi ser i ettertid at fleire familiarar har flytta til Hallingdal, som ein konsekvens av dette treffet.



5.6 Samferdsel

Generelt

Samferdsel har vore og er framleis ei prioritert oppgåve. Arbeid som har kravd ressursar har i fyrste rekke vore i forhold til Nasjonal Transportplan (NTP) som vart vedteken i Stortinget juni 2017. I dette arbeidet er hovudvegane gjennom Hallingdal og Bergensbanen viktige tema.

Hallingtinget står fast ved tidlegare prioriteringar i forhold til vegar:

- Standardheving av vegar som til dels er sterkt nedkøyrt
- Vegpakke Hallingdal, strekninga Ørgenvika – Gol
- Ny vegløysing Rv.52 Gol – Robru

- Utbygging av E16 Sandvika – Hønefoss
- Styrke vinterregulariteten på fjellovergangar
- E16 Olum- Eggemoen-Nymoen

Hovudvegsamband aust – vest

I tillegg har prosess med hovudvegsamband aust – vest vore noko som har prega arbeidet også i 2017. Kommunane i Hallingdal har vore delt i synet på om Rv7 eller Rv52 skulle vera den andre hovudvegen aust – vest, i tillegg til E134 som allereie er valt.

Statens vegvesen si tilråding for det andre hovudsambandet var Rv52. Her var departementet meir usikker og bad Statens vegvesen om at det skulle gjerast vidare utgreiingar av om Rv7 eller Rv52 skal vera det andre hovudvegsambandet mellom Austlandet og Vestlandet. Det vart i 2016 utarbeida ei konseptvalutgreiing (KVU) for strekninga Gol-Voss.

I samband med Meld. St. 33 (2016 – 2017) Nasjonal transportplan 2018 – 2029 foreslo regjeringa ei funksjonsdeling mellom Rv52 og Rv7, som seinare vart vedteke i Stortinget. Rv52 skal vera hovudvegsambandet for næringstrafikk mellom Austlandet og Vestlandet. Rv7 skal vera hovudvegsambandet for reiseliv og persontrafikk. Samferdselsdepartementet og Finansdepartementet vil gjennomføre ei ekstern kvalitetssikring (KS1) av KVU for Rv.7 over Hardangervidda. Etter at KS1 er gjennomført vil regjeringa ta stilling til ambisjonsnivå for vidare planlegging av utbetringar på strekninga over Hardangervidda. Regjeringa vil fram mot neste Nasjonal transportplan arbeide vidare med eit heilskapleg forslag til ambisjonsnivå og prioriteringsrekkefølgje for den vidare planlegginga av tiltak på Rv52 og Rv7.

Vegpakke Hallingdal

I Meld. St. 33 (2016 – 2017) Nasjonal transportplan 2018 – 2029 var ikkje Vegpakke Hallingdal nemnt med eit ord. Frå april 2017 til handsaming i transport- og kommunikasjonskomiteen juni 2017 vart det arbeidd aktivt for å få inn formuleringar i forhold til Vegpakke Hallingdal. Det vart lagt inn følgjande ordlyd frå fleirtalet:

"Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Høyre, Fremskrittspartiet, Kristelig Folkeparti og Venstre, viser til at rv. 7 har fått en betydelig standardheving på noen strekninger, med ny vei vest for Hønefoss (Ramsrudhellingane), innkortingen Sokna–Ørgenvika og utbedring vest for Flå. Det gjenstår imidlertid flere partier med lav standard, som skaper store sprang i veistandard og som er ulykkesutsatte. Rv. 7 (Hønefoss–Gol) som det mest trafikkerte øst–vest-sambandet og vil, som en fremtidig hovedvei, trenge ytterligere utbedringer. For å oppnå en gjennomgående og høyere standard, vil lengre strekninger vurderes i sammenheng. Som første trinn er Ørgenvika–Gol (Vegpakke Hallingdal) prioritert, der det vil vurdert utbyggingsrekkefølge, alternative finansieringsløsninger og utbyggingsformer.»

Dette gjorde sitt til at det kunne arbeidast vidare med Vegpakke Hallingdal, saman med Buskerud fylkeskommune og Statens vegvesen.

Ringeriksbanen og E16 Sandvika – Hønefoss

Dei siste åra har vore bra år for Ringeriksbanen og E16 Skaret – Hønefoss med tanke på framdrift for realisering. Den positive utviklinga for desse to svært viktig prosjekta, også for Hallingdal, held fram i 2018. Jernbaneverket og Statens vegvesen har i fellesskap utgreidd korleis Ringeriksbanen og E16 Skaret – Hønefoss kan planleggjast og byggast. Forkortinga av Bergensbanen vil gje Bergensbanen ei heilt nødvendig modernisering. Dette er eit viktig tiltak for Ringeriksregionen og som aust–vest samband Oslo–Bergen. Innkortinga av Bergensbanen vil ha enormt mykje å seia for Hallingdal, som den største reiselivsregionen i landet. I tillegg vil Ringeriksbanen ”føre” Hallingdal nærmare sentralt austlandsområde, noko som er viktig både i forhold til arbeidsmarknad og rekruttering.

I Meld. St. 33 (2016 – 2017) Nasjonal transportplan 2018 – 2029 er det lagt opp til byggestart i 2021/22 for Ringeriksbanen. Parallelt med bygging av Ringeriksbanen skal det byggast firefelts veg på E16 mellom Skaret og Hønefoss. I 2015 la Jernbaneverket og Statens vegvesen fram rapport som syntetiserte at det var mogeleg å starte byggearbeida med Ringeriksbanen og ny E16 Skaret – Hønefoss i 2018/19. Dette var i samsvar med Stortinget sine føresetnadar noko og regjeringa følgde opp med bakgrunn i rapport.

E16 på strekninga Sandvika – Wøyen, som omfattar bygging av 3,5 km firefelts veg, er venta opna for trafikk hausten 2019.

Den delvis bompengefinansierte utbygginga av E16 på strekninga Bjørrum – Skaret, som omfattar bygging av 8,4 km firefelts veg, er planlagt starta opp mot slutten av 2018. Prosjektet er planlagt opna for trafikk i 2023.

Handlingsprogram til Statens vegvesen 2018 – 2023 (2029)

Hallingtinget gav i [sak 11/17 uttale](#) til handlingsprogram til Statens vegvesen.

Med bakgrunn i vedteken NTP er det perioden 2018 – 2023 lagt inn 300 mill. kroner til Rv7 og 500 mill. kroner til Rv52. Utdrag uttale:

1. *Regionrådet for Hallingdal er sterkt bekymra for den låge investeringstakta det er lagt opp til på Rv7 og Rv52, i forhold til dagens behov og framtidig trafikkauke. Ut frå dette meiner Regionrådet det er heilt naudsynt å m.a. vurdere alternative finansieringsløysingar og utbyggingsformer. Ut frå at investeringar blir vurdert fram t.o.m. 2023, utan vurdering av vidareføring dei neste 6 åra kan det synast vanskeleg å få gjennomført store og heilt nødvendige prosjekt på Rv7 og Rv52.*
2. *Regionrådet for Hallingdal vil på det sterkeste oppmøde om at Vegpakke Hallingdal blir vurdert som ei samla pakke, der utbyggingsrekkefølgje, alternative finansieringsløysingar og utbyggingsformer blir vurdert nærmere.*
3. *Regionrådet for Hallingdal ber om at Vegpakke Hallingdal blir vurdert som eit delvis bompengefinansiert prosjekt, der vidareføring av bompengeprosjektet Sokna – Ørgenvika er ein del av løysinga.*

Som ein illustrasjon vil det ta 340 år å gjennomføre tiltak på Rv7 som Statens vegvesen har foreslått i rutevis utgreiing fram mot 2050, med dei årlege løyvingar som det er lagt opp til i handlingsprogrammet til Statens vegvesen.

5.7 Reiselivet

Turistnæringa er ei av dei viktigaste næringane i Hallingdal, og er eit satsingsområde for alle kommunane i regionen. Ut frå dette er og turistnæringa eit prioritert innsatsområde for Regionrådet for Hallingdal. I 2017 er det løyvd midlar til Sykkelprosjekt Tråkk`N`Roll og profileringsprosjekt langrenn, der alle 6 destinasjonsselskapene er med i langrennsprosjektet og i sykkelprosjektet er 5 av 6 med. Ulrikke Ytteborg er med i styringsgruppene for begge prosjekta.

[Tråkk`N`Roll](#) er eit utviklingsprosjekt for terrengsykling. Prosjektet har som mål å skape vekst i Hallingdal gjennom utvikling av terrengsykkeltilbodet. Dette er ein marknad som er i kraftig vekst både i Norge og internasjonalt. I Hallingdal er det svært gode mogelegheiter for utvikling terrengsykkeltilbodet som blir vurdert som eit viktig bidrag til sumarturismen. Hallingdal har i løpet av kort tid teke ein posisjon som Norges mest offensive region for bærekraftig og familievennleg utvikling av terrengsykling. Når mange gode krefter trekker i same retning får vi gode resultat. Tråkk`N`Roll saman med fleire andre har i 2017 ei total terrengsykkelinvestering i regionen på ca.1,7 mill. kroner , i tillegg kjem direkte

anleggsutgifter. Satsinga har vorte til gjennom grundig forarbeid, fokus på kvalitet og kompetanse, samt ein eineståande regional laginnsats, der Regionrådet for Hallingdal har vore ein viktig aktør.

Tråkk 'n' Roll, med prosjektleiar Lars Wraee Jensen i spissen, har i 2017 auka si satsing på utvikling av eit heilprofesjonelt kompetansemiljø, som har arbeidd på 7 terrengsykkelanlegg fordelt i heile Hallingdal. Totalt 10 personar har jobba i crewet i perioden mai til oktober, med en gjennomsnittleg bemanning på 4-5 personar. Fleire av prosjekta skal vidareførast i 2018, og fleire nye prosjekt har kome til. Dermed blir 2018 det mest offensive sykkelåret i Hallingdal, så langt.




Langrennsprosjektet

Hallingdal har i dag eit omfattande og godt utvikla løypenett som blir vurdert å ha stort potensiale på tvers av kommunane.

Hallingdal har noko av det beste skiløypenetet i landet, og me har og mange årlege og store skiarrangement. Dette må synleggjerast og utviklast. Interessa for langrenn og turski er stor, og stadig aukande både i Norge og i utlandet.

Med dette som bakgrunn vart langrennsprosjektet etablert og er i dag eit tett samarbeid mellom alle dei 6 destinasjonane i Hallingdal. Prosjektet er eit profilingsprosjekt, og ikkje eit produktutviklingsprosjekt. Gjennom 2017 har prosjektet vidareutvikla www.hallingspor.no og gjennomført konkurransar i sosiale media, som har skapt stor merksemd om regionen vår. Vår felles brosjyre blir nytta i mange samanhengar og fungera godt i marknadskommunikasjonen. Det er arbeidd aktivt med www.skisporet.no. I 2017 har det m.a. vore fokus på felles skilting av Hallingdalsløypa og Eventyrløypa. Dei langsgåande løypene våre er unike og langrennsgruppa jobbar for å gjera dei meir synlege, for fleire.



5.8 Partnarskapsavtale med Buskerud fylkeskommune

Buskerud fylkeskommune har sidan 2004 hatt ei partnarskapsavtale og gjennomføringsavtale med regionråda i Buskerud. Ordninga med partnarskapsavtalar og regionale utviklingsmidlar vart evaluert i 2012. Her kom det tydeleg fram at ordninga i hovudsak har fungert godt, men at det var grunnlag for forbetringar. Ut frå dette er det etablert ny partnarskapsavtale, i den nye avtala er samarbeidsområda utvida til også gjelde utdanning- og samferdselsområdet. For 2016 løyvde Buskerud fylkeskommune kr. 1.855.000 til gjennomføringsavtala. I tillegg var det rest og ubrukte midlar frå tidlegare år på kr. 1.811.362. Løyvde midlar i 2016 var på kr. 1.620.000 og løyvde midlar i 2017 var kr. 470.000 (Yrkesmessa 2018) slik at rest pr. 31.12.2017 var kr. 1.576.362.

Med bakgrunn i endring i fordeling og storleik av statlege regionale utviklingsmidlar (programkategori 13.50), vart det ikkje bli løyvd midlar til partnarskapsavtale for 2017, noko som også vil vera tilfelle for 2018. Ut frå dette vil partnarskapsmidlar ikkje lenger vera verkemidlar som blir tildelt regionane.

5.9 Regionalt næringsfond

Det er bygd opp midlar i eit regionalt næringsfond, som har fått statlege midlar i 2006 -2008 og 2010 – 2013, i tillegg fylkeskommunale midlar i 2014. Ubrukte midlar pr. 31.12.2016 var kr. 5.917.666. Løyvde midlar i 2017 var på kr. 2.087.600, slik at rest pr. 31.12.2017 var kr. 3.830.066.

Etter avtale med Buskerud fylkeskommune skal desse midlane vera nytta innan utgangen av 2019. I økonomiplan 2018 – 2021 er det føresett å nytte årleg ca. 2 mill. i 2018 og 2019 frå regionalt næringsfond, for å medverke til gjennomføring av vedteken Strategisk plan for Hallingdal.

Det vart løyvd midlar til følgjande tiltak i 2017:

- Hallingdal Etablerersenter	kr.	310.000
- Etablering Inkubator i Hallingdal	kr.	120.000
- Felles stand for Hallingdal til div. bruk	kr.	100.000
- Tiltak i Strategisk plan for Hallingdal, Hallingdal 2020	kr.	630.000
- Innspelingsstad film; Fjord, Fjell, Vidde	kr.	400.000
- Næringsvenleg region, forstudie	kr.	127.600
- Terrengsykkeltilbod i Hallingdal (Tråkk 'n' Roll), 2018	kr.	300.000
- <u>Vidareføring av Hallingdal sitt langrennsprosjekt i 2018.</u>	kr.	100.000
<u>Sum løyvde midlar 2017</u>	kr.	<u>2.087.600</u>

5.10 Skjønnmidlar til omstillingstiltak

For 2017 løyvde fylkesmannen i Buskerud skjønnsmidlar kr. 700.000 til Innkjøpsløft Hallingdal.

5.11 Fjellnettverket

Fjellnettverket er eit regionalpolitisk samarbeidsnettverk for kommunar, regionråd og fylkeskommunar i Sør-Norge, der fjellområda er ein viktig del av ressursgrunnlaget og føresetnadane for næringstilpassing, kultur og livsvilkår.

Måla og arbeidsområda for Fjellnettverket er:

- Vera pådrivar for å skapa ein ny fjellpolitikk i Norge og medspelar i norsk regionalpolitikk.
- Kunnskapsformidling om nasjonale og internasjonale tema
- Politikkutforming internasjonalt og deltaking i Euromontana

Fjellnettverket har vore pådrivar for ei ekstra nasjonal satsing for fjellområda, for å styrke grunnlaget for næringsutvikling og verdiskaping i fjellområda. I statsbudsjetta for 2013 – 2017 har det årleg vore sett av 10 mill. kroner til satsinga. Midlane skal nyttast til innsats på tvers av fylkeskommunane og bidra til nettverksbygging, auka kompetanse og innovasjon i fjellområda.

Frå 1.4.2016 vart det etablert eit permanent kontor for Fjellnettverket, som no har kontorstad Reiselivssenteret på Geilo.

5.12 Breiband Hallingdal

Dei siste åra er det investert mykje i breibandutbygging i Hallingdal, der Hallingdal Kraftnett har stått for store delar av utbygginga, og har til no brukt om lag 240 mill. kroner. I eit samarbeid med Regionrådet for Hallingdal har utbygginga utløyst i underkant av 10 mill. kroner i statlege og fylkeskommunale løyvingar. I tillegg nådde Hallingdal ved Regionrådet fram med sin søknad om midlar til breibandutbygging i 2015, med ei løyving på 5,6 mill.

Etter ein anbodsrunde i 2016 vart det gjort avtale med Hallingdal Kraftnett AS om utbygging og drift av 11 delområder i Hallingdal:

- Flå; Seterstøkroken
- Nes: Rukkedalen
- Gol: Åsgardane
- Hemsedal: Lykkja
- Ål: Søre-Votndalen, Leveld, Opheim, Øvre Ål
- Hol: Hovet, Skurdalen, Holet

Total utbyggingskostnad er i storleik 22 mill. kroner.

Utbygging er i stor grad gjennomført i 2017.

Utbygging av hovudnettet i Hallingdal er for det meste gjennomført. Det har også vorte gjennomført store prosjekt for å sikre/betre konkurransen i ulike område, til det beste for forbrukar/kunde. Det er gjennom prosjektet avdekkja utfordringar og manglar i Telenor sitt koparnett, som det på ulike måtar blitt prøvd løyst.

Sjølv om Hallingdal no har rimeleg god breibanddekning er det klart at framtidige behov og utviklinga i marknaden, vil krevja langt høgare kapasitetar i framtida.

Også ved ei vidare utbygging er det grunn til å tru at det må til eit spleisestlag mellom stat, regionale aktørar og kommunar, der marknaden ikkje er drivkraft nok for utbyggingane.

5.13 Hallinghelse

Hallinghelse er ei vidareføring av samhandlingsprosjekt i Hallingdal i perioden 2009 –2014. For å møte krava og dei nye oppgåvene som kommunane får i samband med reforma, er det interkommunale samarbeidet i Hallingdal styrka. Helseforetaket Vestre Viken er også tett involvert.

2017 var det andre driftsåret til Hallinghelse. Det har vore tilknytt tre halve stillingar (samhandlingsleiar, folkehelsekoordinator og koordinator for kompetanse, læring og meistring) gjennom heile 2017, frå 1. aug er dessutan ei halv stilling som regionkontakt for Utviklingssenteret for sjukeheimar og heimeteneste i Buskerud, knytt til Hallinghelse. Ål kommune er vertskommune, teamet er lokalisiert på Torpomoen.

Målsetjinga til Hallinghelse er å initiere og koordinere samarbeidstiltak innan helse og omsorg. Hallinghelse inngår i eller har kontakt med ei rekke interkommunale samarbeidsgrupper på ulike fagfelt. Hallinghelse har på oppdrag frå helse- og omsorgsleiarforum utgreidd mogeleg interkommunalt samarbeid rundt kommunepsykolog og om logoped.

I samsvar med kommunestyrevedtaka i 2015, har Hallinghelse aktivt søkt prosjektmidlar for å støtte opp under utviklingsarbeid innan helse og omsorg. Det er i 2017 henta inn 3,5 millionar i statlege midlar til prosjekt i Hallingdal.

I tillegg har Hallinghelse teke initiativ til ein interkommunal søknad for å styrke arbeidet med kompetanseheving og utvikling av helsestasjonane i Hallingdal. Flå er vertskommune for denne søknaden. Ein ventar svar utpå vinteren 2018.

I samsvar med kommunestyrevedtaka i 2015 har ein teke initiativ til ein evalueringsprosess av Hallinghelse, som skal gjennomførast før sommaren 2018.

5.14 Nye Hallingdal sjukestugu

Vestre Viken HF ved Ringerike Sykehus (RS) har inngått leigeavtale med Ål kommune om leige av 1450 kvm i det nye ”HSS” bygget på Ål. Leigearalet blir nytta til ei 20 sengers intermediær avdeling (IMA) og inneheldt 10 senger til bruk i spesialisthelsetenesta og 10 senger til primærhelsetenesta i Hallingdalskommunane. Den nye sengeavdelinga er den fyrste av sitt slag i landet og blir følgd nøye frå andre Helseforetak, kommunar og sentrale styresmakter.



Det er eit overordna politisk ansvar å sikre at alle innbyggjarar i Hallingdal har eit likeverdig tilbod om tenester frå IMA og Hallingdal sjukestugu. Evalueringa har synleggjort at det er stort sprik mellom kommunane i den grunnleggjande tenkinga om interkommunalt samarbeid og forholdet mellom lokalt ansvar og felles ansvar.

På Hallingtinget 30.10.2017 var det semje om at rådmennene må følgje opp evalueringrapportane i forhold til aktuelle tiltak og forbetningspunkt, og koma med forslag som grunnlag for ei eventuell revidering av avtale. Ut frå dette vil regionrådet og rådmannsutvalet arbeide vidare med saka.

5.15 Vassområde Hallingdal

EU sitt rammedirektiv for vatn vart implementert i Norge gjennom den nye vassforskrifta som trådde i kraft 1.1.2007. Vassforskrifta gir overordna mål og føringer for å sikre god

miljøtilstand, der forvaltningsplanar med tiltaksprogram skal vera vedteken ved utløpet av 2015, og måla skal vera nådd innan 2021. Det er gjort ei nasjonal inndeling av vassregionar (VRN), der Hallingdal høyrer til Vest-Viken vassregion, som er ei administrativ eining. Vest-Viken er delt inn i 18 vassområde, der Hallingdal inklusive Krødsherad er definert som Hallingdal vassområde.

Fylkeskommunane Oppland, Telemark, Buskerud, Vestfold, Aust-Agder, Hordaland, Sogn og Fjordane og Akershus har vedteke [Regional plan for vannforvaltning i vannregion Vest-Viken 2016-2021. Det er også vedteke regionalt tiltaksprogram og handlingsprogram for 2016.](#)

I Hallingdal er det mykje reint og godt vatn. Det er noko forureining frå landbruk i enkelte område, enkelte problem med reinseanlegg i nokre få område og noko større avrenning frå spreidd avløp – spesielt i hytteområder. Ei systematisk og samkøyrt opprydding innan spreidd avløp vil bli ei av dei viktigaste oppgåvene for kommunane i Hallingdal innan vatn- og miljøfronten dei neste åra. Den største belastninga på vatnet i Hallingdal er vasskraft. I perioden frem mot 2021, som er tidspunktet for å nå måla etter vassforskrifta, må kommunane i Hallingdal gjera tiltak innanfor landbruk og ha fokus på opprydding i spreidd avløp. I tillegg vil arbeid med miljøtiltak i regulerte vassdrag og revisjonar av konsesjonar vera viktig. Det blir viktig at kommunane vurdera kva nye inngrep eller utbygging vil ha å si for vassmiljøet i Hallingdal, dette gjeld spesielt utviklinga av nye hytteområder og fortetting, og småkraftutbygging.

Regional forvaltningsplan for Vest-Viken krev betre miljøtilstand i m.a. Ustedøla, Usteåne og Hallingdalselva mellom Strandafjorden og Nesbyen. NVE åpner no for revisjon av vilkåra i tre konsesjonar i Uste-Nes, hovudføremålet med ein revisjon er å betre miljø- og naturforholda ved å avbøte ulempar og negative verknadar ved utbygginga.

Oppgåver vassområdet må løyse i perioden 2016-2021 er i stor grad oppgåver som er pålagt kommunen i eksisterande lovverk. Vannforskriftens § 25.(tiltaksprogram) seier at tiltaka i den regionale forvaltningsplanen skal vera operative seinast tre år etter at tiltaksprogrammet er vedteke. Ut frå dette har kommunane forlenga prosjektet ut 2018, for å sørge for at vassområde er sikra ei leiing som kan følgje opp gjennomføring av planen.

Vassområde Hallingdal held fram med same organisering som har vore sidan 2011, med ordførarane som styringsgruppe og eigen prosjektleiar i 50% stilling.

5.16 Utviklingsprogram for Byregionar, fase 2

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har etablert eit utviklingsprogram for byregionar (Byr). Gjennom programmet ynskjer departementet å legge til rette for positiv utvikling i byregionar i heile landet. 33 byregionar vart teke opp i programmet si fase 1, deriblant Hallingdal. Byregionprogrammet skulle i fase 1 auke kunnskapen om samspel mellom by og omland og regionane sitt næringsmessige potensiale og vekstkraft. Det er eit mål at den auka kunnskapen skal bidra til strategiar og tiltak som styrkar heile regionen. Det overordna og langsiktige målet for arbeidet i Hallingdal er å skapa ein moderne og utviklingsorientert region og utvikle alle delar av Hallingdal med attraktive tettstader, som er klar til å møte framtidas mogelegheiter og utfordringar.

Menon AS vart engasjert til å gjennomføre ei samfunnsanalyse for Hallingdal. Denne ([«For egen maskin»](#)) vart sluttført i mars 2015.

Hallingtinget (sak 05/15) og dei einskilde kommunane i Hallingdal handsama sak om eventuell deltaking i fase 2, og var samstemte om å søkje om deltaking.

Regionrådet for Hallingdal utarbeida søknad med [prosjektplan](#) og vart i juni 2015 tildelt ei ramme på kr. 2.680.000 frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) til utviklingsprogrammet for byregionar fase 2.

Hovudmålet med prosjektet for Hallingdal er å utvikle nye type arbeidsplassar, som er lønsame og attraktive for yngre menneske med høgare utdanning og fagutdanning.

Prosjektet skal vera avslutta i 2018

Innsatsområder Hallingdal har vore:

- Strategisk plan for Hallingdal 2017 – 2020
- Funksjonell arbeidsdeling
- Vidareutvikling/nye arbeidsplassar
- Tilby høgare relevant utdanning
- Hallingdal 2020
- Utnytte ringverknadar ved bygging av Ringeriksbanen og E16

Pågående arbeidd er m.a.

- Arbeide for permanent desentralisert høgskuleutdanning i Hallingdal, innanfor reiseliv
Her vart det i samband med Statsbudsjettet for 2018 løyvd midlar til Bachelor i guide og entreprenørskap i naturbasert reiseliv.

Innenfor rammen økes tildelingen til Buskerud fylkeskommune med 1 mill. kroner.

Midlene skal gå til Hallingdal regionråd, for å støtte deres arbeid med utvikling av et kompetansemiljø for reiseliv. Regjeringen tar sikte på å videreføre bevilgningen som en treårig satsing.

- Etablering av fagskule reiseliv på Geilo
- Utvikle eit koordinert og meir slagkraftig næringsapparat
- Konkret prosjekt i forhold til større etablering med arbeidsplassar høgare utdanning
- Innovasjonsløft Hallingdal (kompetanseløft innan innovasjon og vekst, auke samspelet og delingskulturen mellom bedrifter)
- Vidare utvikling av ulike type veksthus, næringsklynger og interkommunalt samarbeid, basert på ein fleirkjernestruktur, for m.a. å skapa attraktive kompetansemiljø
- Vurdere ringverknadar/mogelegheiter med ny E16 til Hønefoss og Ringeriksbanen

5.17 Felles rettssenter for Hallingdal

Regionrådet for Hallingdal har engasjert seg i arbeidet for å etablere eit felles rettssenter for Hallingdal, med samlokalisering av tingrett og jordskifterett.

I sak 57/15 gjorde Regionrådet for Hallingdal slikt vedtak:

«Regionrådet for Hallingdal ynskjer etablering av felles rettssenter for Hallingdal.

Regionrådet ser det som svært viktig i det vidare arbeidet, at Hallingdal står samla, og støttar etablering av felles rettssenter i Nesbyen. Dette er og i tråd med tilråding frå Hallingdal tingrett og Øvre Buskerud jordskifterett om samlokalisering ved dagens tinghus i Nesbyen.»

Domstolsadministrasjonen hadde i utgangspunkt eit klart ynskje om fjerne tingretten frå Hallingdal. Det vart i denne fasen gjort ei godt arbeidd mot Stortinget frå mange.

Ut frå klare statlege signal utarbeide Nes kommune i 2016 skisseprosjekt for ombygging av Tinghuset, og det var diverse rundar mellom Nes kommune og Domstolsadministrasjonen (DA) i høve til m.a. romprogram, kostnader husleige og leigeperiode.

I slutten av 2016 vart det skapt ny usikkerheit i forhold til realisering av rettssenter Hallingdal. Oppstart av arbeidet som skal sjå på eventuelle endringar i domstolstrukturen, skapte ekstra rundar, for endeleg avklaring av rettssenter for Hallingdal.

I 2017 var det nye rundar med nedturar og oppturar, der Regionrådet engasjerte seg, m.a. med møte med Justis- og beredskapsdepartementet i mai. I møte med Domstolsadminstrasjonen 21.8.2017 vart grunnlaget for vidare arbeid med felles rettssenter for Hallingdal avklara, og det ser no ut som om arbeidet er i eit godt spor.



5.18 Skattekontoret på Gol

1. juni 2016 la Skattedirektoratets fram si utgreiing med forslag til ny kontorstruktur i Skatteetaten. Finansdepartementet har gjeve Skattedirektoratet fullmakt til å gjennomføre direktoratet sitt forslag til ny kontorstruktur, der Gol-kontoret er eit av kontora som skal leggjast ned. Den nye kontorstrukturen skal innførast gradvis frå 2017 til 2019. Regionrådet for Hallingdal har saman med Gol kommune engasjert seg i denne saka for å behalde kontoret på Gol. Hovudargumenta for dette var:

- Gol-kontoret er eit besøkskontor, auke frå 4800 – 6200 besökande (2013 -2015). Ut frå statistikk ser ein at besøkstal ved Gol-kontoret er svært høgt også samanlikna med meir folkerike regionar.
- Gol-kontoret er eit ID-kontor, også med auke i besøkstal, 1462 i 2016
- Gol-kontoret har høg kompetanse i forhold til ID-kontroll
- Hallingdal har ein spesiell næringsstruktur som den største reiselivsregionen i landet og ei stor bygg og anleggsnærings. Til desse næringane er Hallingdal heilt avhengig av utanlandsk arbeidskraft.
- Gol-kontoret ligg sentralt plassert, også i forhold til kommunikasjon veg, jernbane Hovudkorridor aust-vest med besökande og turistar.
- Fysisk nærleik til og godt samarbeid med lensmannskontor og lokalt NAV-kontor (50 m) Denne nærleiken forenklar sakshandsaminga med t.d. rask bistand frå politiet i samband med ID-kontroll.
- Gol-kontoret dekkjer eit geografisk område som elles ville bli «kvitt».

For Hallingdal var det uforståeleg at kontoret skulle leggjast ned ut frå dei argument som vært nytta for nedlegging. Dette gjorde at arbeidet for å behalde Gol-kontoret held fram i 2017. Det var m.a. møte med Skattedirektoratet og mange politiske møte i ulike fora og på Stortinget. Sjølv om Skattedirektoratet ikkje ville endre sitt syn på Gol-kontoret, var det i denne saka svært lite om det før Gol-kontoret hadde vorte «freda», men ulike omstende gjorde at Hallingdal ikkje nådde fram denne gongen.

5.19 Nærpolitireforma

1.januar 2016 gikk norsk politi over frå 27 til 12 politidistrikt, der Hallingdal no er ein del av Sør-Øst politidistrikt (Vestfold, Telemark, Buskerud).

I 2016 vart det gjennomført eit omfattande arbeid for å koma fram til gode løysingar for politiets lokale organisering, den sokalla «Nærpolitireformen». Dette skal vera ein langsigktig plan for utvikling av politiet, i perioden fram mot 2020.

Det overordnede målet med Nærpolitireformen er:

"Et nærpolti som er operativt, synlig og tilgjengelig, og som har kapasitet til å forebygge, etterforske og påtale kriminelle handlingar, og sikre innbyggernes trygghet. Det skal utvikles et kompetent og effektivt lokalt nærpolti der befolkningen bor. Samtidig skal det utvikles robuste fagmiljøer som er rustet til å møte dagens og morgendagens kriminalitetsutfordringer."

I den sokalla styringsgruppa for nærpoltireforma i politidistrikt sør-øst har Hallingdal vore representert med:

- Oddvar Grøthe, rådsordførar og ordførar Hemsedal kommune
- Solveig Vestenfor, vararådsordførar og ordførar Ål kommune

Hallingtinget hadde 27.10.2016 eit grundig høyringsmøte og handsama [uttale 16.november 2016](#). Noko av det endelege resultatet var at Hallingdal vart ei eiga tenesteeining, men lensmannskontoret på Ål blir lagt ned.

Det har gjennom året (2017) vorte ei stigane missnøye til nærpoltireforma.

Reforma har så langt skapt ein del misnøye både blant tilsette og dei som nyttar tenestene.

Det er skapt usikkerheit i forhold til organisering og oppgåver i Hallingdal i høve til m.a:

- Bemannning
- Politikontakt
- Innsatsleiarar
- Sivil del med t.d. passfunksjon
- Arrest
- Mangel på kommunikasjon

Regionrådet for Hallingdal har hatt møter med politiet, men i forhold til fleire av punkta er det ikkje gjort endelege avklaringar. For å få til ei best mogeleg samarbeid mellom kommunane og politiet er det drøfta ulike formar for møteplassar og partnarskap, utan at det vart konkludert.



ID-kontroll ved skattekontoret på Leira

Alle som skal arbeide i Norge må gjennomgå ID-kontroll i forbindelse med innflytting eller søknad om skattekort. Vedkommende må møte opp ved et av Skatteetaten ID-kontor.

Fra 1. juni 2017 utføres ID-kontroll ved skattekontoret på Leira i Valdres.

Tidspunkt: torsdager kl. 09.00 - 14.30

Skatteetaten vil sørge for et dekkende servicetilbod for ID-kontroll i Hallingdalen gjennom ambulerende ID-kontroll. Dette vil tilpasses behov, og gjøres i samarbeid med lokalt næringsliv.

5.20 Viken, regionreforma

Stortinget har vedteke at det framleis skal vera tre folkevalde nivå. I juni 2015 bad Stortinget om ei melding om nye oppgåver til større regionar.

Stortinget peika på større regionar som ein føresetnad for forsterka rolle og nye oppgåver. Hallingtinget og regionrådet drøfta ved fleire høve i 2016 regionreforma. Regionrådet gav i sak 41/16 uttale, der ein vurderte ei samanslåing av Buskerud, Vestfold, Asker og Bærum som den beste løysinga for ein ny region.

Stortinget handsama 8. juni regionreforma og frå 2020 vil det vera 11 fylker inkludert Oslo.

Hallingdal blir ein del av Viken fylke, som blir ei samanslåing av Buskerud, Akershus og Østfold.

Viken i tall:


- I Akershus, Østfold og Buskerud er det i dag til saman 61 kommunar, av desse har 17 kommunar under 5000 innbyggjarar.
- I Viken vil det frå 2020 være 49 kommunar.
- Samla er det 74 vidaregåande skular i Akershus, Østfold og Buskerud, der 58 er drivi i fylkeskommunal regi.
- Til saman vil Viken bestå av 1,2 millionar innbyggjarar

Det er valt ein fellesnemnd beståande av 34 fylkespolitikarar, 9 medlemmer frå Buskerud, 9 medlemmer frå Østfold og 16 medlemmer frå Akershus. Fellesnemnda skal leie prosessen med å bygge den nye fylkeskommunen. Fellesnemnda møtes omtrent ei gang i månaden og hadde sitt fyrste møte i desember 2017.

Valet er gjort og spørsmålet er no er m.a. korleis kan Hallingdal koma med innspel og påverke pågående prosessar? Kva kan/vil Hallingdal vera i Viken?

Hallingdal/Øvre Buskerud blir fjellregionen, utmarka, nasjonalparkar, fjellandbruket og ein svært stor del av reiselivet. På ein del områder blir me den «unike» eller spesielle, som ikkje er i konkurranse med andre, men der det trengs eigen fagkompetanse og forståing.

Som eit første steg er det etablert eit eige prosjekt mellom Buskerud fylkeskommune og Regionrådet for Hallingdal, som har som hovudmål å avklare Hallingdal sine mogelegheita og utfordringar i Viken. Dette arbeidet vil kunne bli viktige bidrag inn i dei komande prosessar.



5.21 Hallingbussen

Ein tidleg morgenavgang frå Hallingdal til Oslo, med buss eller tog, er heilt avgjerande for at Hallingdal skal ha eit reelt kollektivtilbod, i forhold til dagsturar.

Etablert prøveperiode med Hallingbussen vart i fyrste omgang forlenga til 30.06.2017.

I hovudutvalet for samferdselsektoren i Buskerud fylkeskommune vart det gjort slikt vedtak 15.06.2017:
Det bevilges nødvendig midler, inntil 500.000 kr til drift av Hallingbussen ut året 2017. Videre drift av Hallingbussen avklares i budsjettet for 2018.

I samband med budsjettet for 2018 gjorde fylkestinget slikt vedtak:

Hallingbussen støttes med kr 820.000,- (resterende sum på hus disp.konto 2017) kroner til videre drift i 2018.

Fylkestinget ber om at det settes i gang et samarbeidsprosjekt med regionrådet og næringslivet i Hallingdal for å kartlegge det reelle behovet for kollektivtrafikk.



5.22 Regional plan for idrettsanlegg

Regionrådet for Hallingdal vidareførte i 2017 arbeidet med plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet på regionalt nivå. Gol kommune har prosjektleiinga for arbeidet.

Forslag til regional plan for ordinære idrettsanlegg med regional betydning i Hallingdal vart sendt på høyring til idrettsråda, kommunar, fylkeskommune, aktuelle organisasjonar og institusjonar hausten 2017, med høyringsfrist 31. januar 2018.

Etter høyringsfrist skal styringsgruppa handsame innkomne uttalar, før planen blir handsama i Regionrådet for Hallingdal og vidare i dei einskilde kommunane i Hallingdal.

5.23 Krokeide

Som ein del av Byregionprogrammet er det arbeidd med konkret prosjekt i forhold til etablering av arbeidsplassar, med behov for høgare utdanning. I denne samanheng har det i store delar av 2017 vore arbeidd med tilrettelegging for ei landsdekkjande vidargåande internatskule. Stiftinga Krokeide ([Krokeide vidergående skole](#)) utanfor Bergen ynskte å etablere ei tilsvarande skule i austlandsområde og det vart etablert kontakt med Regionrådet for Hallingdal. Krokeide videregående skole er stifta som eit aksjeselskap som er heileigd av Stifttinga Krokeide. Stiftinga vart oppretta av LHL, Landsforeningen for Hjerte-og Lungesyke 1. januar 2015.



Skula tilbyr yrkesretta vidaregåande opplæring for personar med fysiske eller psykiske

funksjonsutfordringar eller lærevanskar.

Hallingtinget fekk orientering om prosjektet 28.april 2017. Regionrådet for Hallingdal var på synfaring på Krokeide vgs og det var hausten 2017 (28 - 29.11) synfaring i Hallingdal, der dei einskilde kommunane presenterte aktuelle lokaliseringar.

Sjølv om formelt vedtak ikkje vart fatta før tidleg i januar 2018 har Krokeide bestemt at ny skule på Austlandet skal lokaliserast på den gamle Feiringklinikken i Eidsvoll, som LHL har seld til det svenske firmaet Hemfosa, som også er eigar av det nye LHL-sykehuset Gardermoen.

Skula var dimensjonert for:

- 220 elevar
- 45 lærarar
- 7-8 administrativt tilsette
- 20-22 tilsette ved sosialmedisinsk avdeling (inkl. kjøkkenpersonale og miljø-team)
- 100-150 hyblar

Det var sjølv sagt ein nedtur at Hallingdal ikkje vart fyrstevalet. Dette ville vore ei etablering som kunne fått mykje å seie for Hallingdal, ikkje minst forhold til type arbeidsplassar. Regionrådet for Hallingdal har trekt lerdom av arbeidet og prosessens, der det mest positive har vore ei felles regional innsats for etablering av ei større bedrift i Hallingdal, der lokalisering ikkje har forstyrra ein god prosess.

6. UTTALER

Hallingtinget har gjeve uttale til følgjande saker i 2017:

- Sak 11/17 Uttale, NTP 2018 - 2029, Handlingsprogram til Statens vegvesen 2018-2023 (2029)

Regionrådet har gjeve uttale til følgjande saker i 2017:

- Uttale, planprogram for Ringeriksbanen og E16
- Sak 05/17 Innspel til handlingsprogram for riksvegar 2018 – 2021 (23)
- Sak 20/17 Uttale, Buskerud fylkeskommune sitt handlingsprogram for samferdsel 2018-2021
- Sak 31/17 Uttale, forslag til regional plan for areal og transport i Buskerud
- Uttale (administrativt), Regional plan for verdiskapning og næringsutvikling, handlingsplan 2017 - 2018

7. VERV

Oversikt over div. verv der medlemmer frå Regionrådet er representert:

- Representant til styre for Hallingdal Næringshage: Tore Haraldset
- Representant til styre Forum Nye Bergensbanen: Heidi Granli
- Representant i Hallingdal Ungdomsråd, ordførarane etter tur
- Fagrådet i Hallingdal Etablerersenter: Heidi Granli
- Representantar til Rådet for Fjellnettverket:
 - o Oddvar Grøthe, vara Tor Egil Buøen
 - o Heidi Granli, vara Tore Haraldset
- Representantar til styre for Fjellnettverket: Solveig Vestenfor
- Rådet for SLT-Hallingdal (kriminalitetsførebyggande tiltak)
 - o Tor Egil Buøen

- Tore Haraldset
- Petter Rukke
- Representant til styre for Hallingdal Folkehøgskule: Solveig Vestenfor
- IS Rv7: styremedlem Tor Egil Buøen
Sekretariatsfunksjon: Knut Arne Gurigard
- Utviklingsforum Buskerud fylkeskommune: Oddvar Grøthe, vara Solveig Vestenfor
- StyringsgruppE for nærpoltireforma i politidistrikt sør-øst:
 - Oddvar Grøthe
 - Solveig Vestenfor

8. PERSONELL

- Personell knytt til regionrådskontoret pr. 31.12.2017: Knut Arne Gurigard, dagleg leiar
- Målfrid Dusegard, sekretær
- Halgrim Merødningen, IKT-koordinator for kommunane i Hallingdal
- Ulrikke Ytteborg, rådgjevar
- Ellen Stabbursvik, prosjektleiar vannområde Hallingdal og Valdres, samla 100% stilling

9. ØKONOMI

Driftsrekneskapet syner eit rekneskapsmessig overskot på kr. på kr. 108.809,61.

Det var budsjettert med totale driftsutgifter på kr. 2.674.000 og inntekter på kr. 2.674.000 inklusive kr. 600.000 i eigeninnsats på prosjekt.

Disposisjonsfond var 31.12.2016 på kr. 689.474,47.

Disposisjonsfond var 31.12.2017 på kr. 803.615,76. Endringar i 2017 er sal av «Historia om Hallingdal» med kr. 79 424,60 som er ført til disposisjonsfond, vedtak Regionrådet sak 47/12 og mindreforbruk 2016 på kr. 34.716,69.

10. MOGELEGHEITER OG UTFORDRINGAR


Nasjonale mål for regional- og distriktpolitikken er: «*regional balanse gjennom vekstkraft, likeverdige levekår og berekraftige regionar i heile landet. Ein berekraftig region har ei balansert samansetjing av befolkninga og forvaltar menneskelege ressursar og naturressursar for utvikling og verdiskaping no og i framtida. Dette vil legge til rette for å halde på hovudtrekka i busetjingsmønsteret.*

» (Jf. [Meld. St. 18 \(2016-2017\) Berekraftige byar og sterke distrikt](#)). Med dette som utgangspunkt vil regionale utvikling kunne vurderast ut frå m.a.: følgjande tema:

- Økonomisk vekst og næringsutvikling
- Arbeidsmarknad og kompetanse
- Levekår
- Demografi og befolkningsutvikling
- Natur, klima og miljø


Ein bærekraftig region har ein balansert samansetning av befolkning og forvaltar menneskelege ressursar og naturressursar for utvikling og verdiskaping no og i framtida.

I framstilling av utviklingstrekk blir det ofte nytta ei inndeling av landet i bu- og arbeidsmarknadsregionar (BA-regionar), der Hallingdal er ein region av totalt 160. Høg deltaking i arbeidslivet indikera god utnytting av arbeidskraftressursane i ein region, og i landet samla. Sysselsettingsandelen er viktig, både for folk sine mogelegheiter til inntekt og forsørging, og for mogelegheitene for det offentlege til å finansiere velferdsordningar og andre investeringar. Alle fylka har opplevd ein nedgang i sysselsettingsdelen sidan toppen i 2008. Dei 19 BA-regionene med ein sysselsettingsdel på over 70 prosent er spreidd over heile landet, men som ein ser er Hallingdal ein av desse.



Sysselsette i prosent av befolkninga (15–74 år) per 4. kv. 2016. BA-regioner
(kjelde SSB (tabell 07984 og 07459). Berekningar: KMD)


Ser me på vekst i verdiskapning kjem og Hallingdal rimelg godt ut.




Verdiskaping i mill. NOK i privat sektor på virksomhetsnivå (utan finans, olje og sjukehus) Kilde: Menon (2017)

Tala for 2016 syner at Hallingdal hadde ein vekst i verdiskapninga for 2016 på 8,3%. Også i forhold til produktivitet og lønsemd skårar Hallingdal bra. Når det gjeld nyetableringar er biletet noko annleis, der Hallingdal ligg i nedre sjiktet. Også når det gjeld arbeidsplassvekst opplever Hallingdal ein stagnasjon.

Prosentvis vekst i verdiskapning i næringslivet frå 2015 til 2016, kjelde Telemarksforsking





Når det gjeld befolkningsutvikling i Hallingdal over tid er det ein viss vekst, der det først og fremst er Hemsedal som har hatt vekst dei seinare åra. Kvart år er det ein flyttestraum ut av Hallingdal, spesielt prega av unge menneske som flytter til byar som Oslo eller Bergen, for å studere. Dei fleste kjem ikkje attende. Som for dei fleste distriktsregionar, er det innvandring som gjev Hallingdal ei viss positiv befolkningsutvikling.

Utviklingspotensialet i ein region kan i mange tilfelle vera meir påverka av alderssamsetning enn av befolningsaude. For Hallingdal har det i perioden 1986 – 2016 vore ein nedgang i aldersgruppa 0-49 år, frå 65,7% til 59,2% (landssnittet i 2016, 65,3%). Dette er ikkje ei spesiell utvikling for Hallingdal som distriktsregion, men det er ei utvikling som må takast på alvor. Fleirtalet av distriktsregionane har høgt fødselsunderskot, også i nasjonal samanheng. Årsakene til dette er alders- og kjønnssamsetning som gjev låg naturleg vekstkrav. Flytterekneskapet for desse regionane er negativt. Dette saman med fødselsunderskot fører ein svak befolkningsdynamikk. Dette gjer at det mønsteret me ser i dag vil halde fram i dei komande åra. Det er viktig å understreke at i denne samanheng har ikkje Hallingdal alle dei trekka som er typiske for ein distriktsregion. Spørsmålet i denne samanheng vil vera kva Hallingdal som region kan gjera for å forsterke dei positive trekka og redusere dei negative.

Vekstutsiktene for Norge har vorte svekka dei siste åra. Befolkningsveksten har vorte svakare på grunn av fallande innvandring og lågare fruktbarheit. Dersom denne utviklinga held fram vil det påverke veksten negativt i kommunar og regionar dei neste åra. Dei strukturelle vilkåra for vekst har derfor vorte svakare enn tidlegare. Hallingdal kan til ein viss grad påverke eigen vekst, men det er m.a. avhengig av vekst i arbeidsplassar i næringslivet. I denne samanheng er streke krefter i forhold til urbanisering og sentralisering ei utfordring. Samtidig blir konkurransen hardare, ikkje berre i produktmarknadane, men også i konkurransen om å tiltrekke seg kompetanse, bedrifter og kapital. Sagt på ein annan måte leiar globalisering til stadig større lokaliseringskonkurranse. I denne verkelegheita står Hallingdal, som dei fleste distriktsregionar, overfor nokre utfordringar, både når det gjeld befolkningsutvikling, næringsstruktur, arbeidsplass-/sysselsettingsutvikling og avstandslemper.

Nokre av hovudutfordringane kan oppsummerast slik:

- Urbanisering og sentralisering
- Internasjonal, nasjonal og regional lokaliseringskonkurranse
- Internasjonalisering og globalisering av marknadar og næringar
- Kunnskapsbasert og innovasjonsdriven næringsutvikling
- Digitalisering av produkt, tenester og kommunikasjonsformer
- Klima

Sjølv om Hallingdal fram til no har vore skåna for dei store dramatiske endringane som kjenneteiknar typiske uttynningskommunar, er det fleire varsellamper som må takast på alvor. Det er mange trusselbilete t.d. utflytting, mangel på arbeidsplassar for folk med høgare utdanning, stadige forsøk på sentralisering av statlege arbeidsplassar og endra rammevilkår. For distrikta og spesielt for ein reiselivsregion som Hallingdal vil det vera naudsynt med eit godt utbygd kommunikasjonsnett.

Hallingdal har som dei fleste regionar sterke sider som gjer eller kan utviklast til konkurransefortrinn. På same måte er det svake sider som kan vera ulemper og som gjev utfordringar. Regional utvikling handlar om å skape levedyktige og attraktive lokalsamfunn, kommunar og regionar. Det må være arbeidsplassar, infrastruktur, skuletilbod, fritids- og kulturtilbod med variasjon, mangfald og god kvalitet slik at folk vel regionen, kommunen eller lokalsamfunnet som sin livsarena.

Stikkord for utvikling av Hallingdal kan oppsummerast slik:

- Behalde levande lokalsamfunn
- Oppretthalde folketalet med balanse i alderssamansetning og kjønnsfordeling.
- Å legge til rette for omstilling, nyskaping og kreativitet.
- Å synleggjera Hallingdal sine mogelegheiter og behov overfor sentrale styresmakter.
- Å ta vare på det beste i Hallingdal sin kultur og tradisjon.
- Å styrke samarbeidet og bygge nettverk internt og eksternt.
- Å auke kompetansenivået.
- Sikre god kommunikasjon
- Oppretthalde eit godt tenestenivå for næringsliv og innbyggjarar i forhold til statlege tenester

Strategisk plan for Hallingdal og Byregionprogrammet vil ta tak i desse utfordringane og har prøvd å setja fokus på omsyn til bulyt/blilyst, arbeidsmarknad, kunnskapsmiljø og næringsliv. Hallingdal sin attraktivitet som buområde og for næringslokalisering skal styrkast.

Ungdommen er den viktigaste ressursen i det framtidige Hallingdal. Me treng ungdom som kan og vil omstille og nyskape ut frå eigen kompetanse og ut frå lokale ressursar og behov. Regionen må arbeide aktivt for å gje ungdommen innsikt og tru på ei framtid i Hallingdal. I denne samanheng er fleire av tiltaka i strategisk plan viktige verktøy.

Profilering av Hallingdal som ein samla region vil kunne få stor verdi i framtida. Også i næringslivssamanhang, ikkje minst innan reiselivet vil dette ha mykje å seia. Overfor fylke og stat og ulike vesen og etatar vil det i mange samanhengar vera ei styrke å oppstre som ein samla region. For at det regionale samarbeidet skal lykkast er det behov for dialog, betre informasjon og synleggjering av kva Regionrådet arbeidar med, både i forhold til det politiske miljøet og Hallingdal generelt.

For å lykkast er det nødvendig med godt samarbeid på alle nivå i tillegg til gode alliansepartnalar.

Viktige saker i 2018 er m.a:

- Oppfølging/gjennomføring Strategisk plan for Hallingdal
- Gjennomføring Byregionprogrammet, fase 2
- Regional organisering, vidareutvikling av det interkommunale samarbeidet
- Klargjering for Viken fylkeskommune
- Oppfølging av Nasjonal Transportplan 2018 – 2029, med dei konkrete prosjekt som er viktige for Hallingdal.
- Oppfølging av arbeidet med regional planstrategi for Buskerud fylkeskommune
- Gjennomføring av partnarskapsavtala med Buskerud fylkeskommune
- Hallingdal 2020
- Rekruttering og kompetanseheving
- Følgje opp utfordringar i forhold til næringslivet i Hallingdal
- Oppretthalde eit godt tenestenivå for næringsliv og innbyggjarar i forhold til statlege tenester

Hallingdal 14.4.2018, rev. 27.4.2018 på Hallingtinget